

STYREPROTOKOLL

Tysdag **15. september 2015** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.00 (30 min. forsinka)
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Arne Gjerde og Norunn Byrknes
FORFALL/IKKJE MØTT:	Torleif Lothe
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø , med unnatak av sak 19/15
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent
SAKLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 16/15 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 09.04.15

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 09.04.15 blir godkjent.

Styrehandsaming 15.09.15:
Styret hadde ingen merknader til innhaldet i protokollen.

Samrøystes vedtak 15.09.145

Protokoll frå styremøte 09.04.15 blir godkjent.

SAK 17/15 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.09.15

15. Protokoll frå møte i representatskapet for HKS IKS 27.04.15
16. Stadfesting frå Brønnøysundregistra på motteken og godkjend rekneskap for 2014
17. Samandrag av tala frå årsrekneskap for 2014 sendt til Altinn
18. Nytt sekretariat for Forum for kontroll og tilsyn (FKT) frå 01.07.15
19. Sekretariats- og personaltur til Røvær 17.-18.08.15 (HKS vertskap)
20. Samling for kontrollutvalgssekretærer 16.-17.09.15 i Stvgr (ikkje påmeldt)
21. Sekretariatsamling Vestland og Trøndelag 28.-29.09.15 i Verdal (leiar påmeldt)
22. Sletting av domenenamn hks-iks.no

Styrehandsaming 15.09.15:

Dagleg leiar orienterte. Sekretariatstur til Røvær blei gjennomført med 7 deltakarar. Sekretariatssamling i Stavanger er ikkje blitt prioritert pga. arbeidet med anboda, medan leiar reiser til Verdal.

Samrøystes vedtak 15.09.15:

Styret tar referatsakene 15 - 22 blir tatt til orientering.

SAK 18/15 – STATUSOVERSIKT PR. SEPTEMBER 2015

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. september 2015 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 15.09.15:

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og kommande arbeidsplaner. Ny budsjetttrapport pr. 15.09.15 blei delt ut i møtet. Styret var samd i at økonomien var under kontroll. Styret hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 15.09.15:

Statusoversikt pr. september 2015 blir tatt til orientering.

SAK 19/15 – FØREBUINGAR TIL LØNSFORHANDLINGAR 2015

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret gjer styreleiar og nestleiar fullmakt til å forhandle om ny løn til dei tilsette frå 01.05.15 i eige forhandlingsmøte (innan ei fastsett ramme).

Styrehandsaming 15.09.15:

Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka. Styret drøfta saka og framlegg til dato. Styreleiar informerte i etterkant dagleg leiar at aktuelle dato for forhandlingane var 6., 29. eller 30. oktober. Dagleg leiar sjekkar med forhandlar om kva som passar og kjem tilbake om dato. Styreleiar etterlyste tariffavtalen og den blei lånt ut.

Samrøystes vedtak 15.09.15:

Styret forhandlar om ny løn til dei tilsette frå 01.05.15 i eige forhandlingsmøte. Forhandlingane skjer innan utgangen av oktober månad og vert tilpassa arbeidstakarane sin forhandlar.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

I følgje vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **tysdag 17. november kl. 15.30**

Aksdal, 15. september 2015

Arne Gjerde
Styreleiar

Toril Hallsjø
Dagleg leiar